

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE FØRDE HF

MØTEDATO: 25.05.2021, kl. 09:00-15:00

MØTESTAD: Videomøte

Styremøte var ope for publikum og presse

Deltakarar frå styret

Agnes Landstad	Styreleiar
Anne Sissel Faugstad	Nestleiar
Aud Ingrid Espeland	Medlem
Reidar Sandal	Medlem
Ole Gunnar Krakhellen	Medlem
Thomas Vingen Vedeld	Medlem
Ivar Eriksen	Medlem
Lena Thorsnes	Medlem
Randi Aven	Medlem
Ole-Magnus Kapstad	Medlem
Kari Sunde Kvile	Medlem
Eiliv Berdal	Observatør

Deltakarar frå administrasjonen (deltok frå møterom 4/video)

Arve Varden, administrerande direktør
Børge Tvedt, direktør Psykisk helsevern
Tom Guldhav, direktør Kirurgisk klinikk
Trine Vingsnes, direktør Medisinsk klinikk
Øystein Hellesteth, økonomidirektør
Anne Kristin Kleiven, utviklingsdirektør
Evy-Helen Hellesteth, fagdirektør
Arne Skjelten, HR-direktør
Terje Ulvedal, kommunikasjonssjef
Frode Schanke, IKT-sjef
Vidar Øvrebø, stadleg leiar Lærdal sjukehus
Kjell Inge Solhaug, prosjektdirektør
Berit Irene Haarklau, referent

Andre deltakarar

Wenche H. Vallestad, seksjonsleiar
Jørund Volle, intensivsjukepleiar
Anne Karin Fleten, intensivsjukepleiar
Stian Sægrov, ambulansesjef
Robert Brennersted, avdelingssjef AAM

SAKLISTE

Saksnr.	Sakstittel
024/2021	Godkjenning av innkalling og dagsorden
025/2021	Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 26.03.2021
026/2021	Godkjenning av protokoll frå ekstraordinært telefonstyremøte i Helse Førde HF 29.04.2021
027/2021	Administrerande direktør si orientering
028/2021	Rapportering frå verksemda per april 2021
029/2021	Risikostyring – rapportering 1. tertial
030/2021	Økonomisk langtidsplan 2022-2026
031/2021	Inntektsutvalet - høyringsuttale
032/2021	Regional plan for habilitering og rehabilitering - uttale
Saker til orientering:	
033/2021	Nye Førde sjukehus - løypemelding
034/2021	Eventuelt Skriv og meldingar

«Styret sitt kvarter»

Styreleiar Agnes Landstad ønska styret, administrasjonen og andre deltakarar velkommen til dagens styremøte som var eit videomøte.

STYREMØTE STARTA MED FAGLEG ORIENTERING Covidreisa på intensiv i Helse Førde frå mars 2020 – mars 2021

Seksjonsleiar Wenche Vallestad orienterte om: **Reisa frå mars 2020 – mars 2021**

- Få på plass retningslinjer og planar for korleis drifte med covidpasientar på intensiv i Helse Førde
- Trening, ca 100 stk hadde vi på trening/simuleringsøving
- Enormt med arbeid for å skape trygghet i gruppa
- Påska 2020, første covidpasienten på intensiv
- Resten av 2020. Mykje uavklarte smittepasientar som kravde enormt med ressursar
- Hurtigtest. Stor betydning for ressurs- og arealbruk

I 2021 har det vore 4 bolkar med hjelp til AHUS frå intensivsjukepleiarar frå Helse Førde. 2 og 2 reiste kvar gong. 2 av intensivsjukepleiarane var nede 2 gonger. Elles rullering på frivillig basis. Det var teamarbeid frå heile personalgruppa for å få dette til. Mykje ekstra arbeid på dei som var att på intensiv i Førde.

Intensivsjukepleiar Jørund Volle orienterte om: **AHUS. Intensivsjukepleiehjelp frå FSS. Covid-19 bølge 3. Mars-april 2021**

- Det var mediablest, med oppslag frå VG «Her kommer intensivhjelpen til Ahus»
- AHUS i Nordbyhagen er Norges største akuttsjukehus, med ein nedslagsfelt på 600 000 innbyggjarar.

AHUS, gult beredskapsnivå frå 2. mars 2021. Akutt covid-19-innleggingar. Venta bølge 3. 120 faste intensivsjukepleiarar. Mangla svenske intensivsjukepleiarar, 30-50 stk. No fekk AHUS hjelp frå Helse Vest og Helse Nord.

Intensivsjukepleiar Anne Karin Fleten orienterte om: **Arbeidsdagen på AHUS**

Arbeidsdagen omhandlar:

- Rapport, arbeidsdagen starta med oppmøte til rapport i korridoren. Det er to avdelingar, smittesone og av-isolert sone.
- Påkledning, rutine for å ta på smittetøy og visir
- Rom og sluser
- Senger, arbeid ved intensivsenga som har mange funksjonar, og som gjer arbeidskvardagen enklare. Dette er ustabile pasientar, som skal snuast fleire gonger
- Lager, henting av utstyr

AHUS har gode system:

- HR, støttefunksjonar, e-post med informasjon
- DIPS, same system som vi har i Helse Førde
- Metavision, eit anna system, men godt strukturert for vikarar
- Døgnrytme (klokka inn av metavision)

Oppsummeringa av opphaldet ved AHUS:

- Var vi gode nok for oppdraget?
Var lærerikt og inntrykksfullt. Bryt barriere med å jobbe med covid-19 smittepotensiale. Etter dei første overveldande dagane såg vi at vi var gode nok og at vi kan faget vårt på intensiv i Førde.
- Støttefunksjonar på AHUS: Forbilde, arbeidsdeling med HR og val av kurveløsning.
- Kapasitet og areal: Store, gode pasientrom med god plass til utstyr og personell. Stor kontrast til dagens intensiv i Førde. Nyttig erfaring å ta med inn i ny intensivavdeling som skal komme.
- Fint at Helse Førde er positive til denne reisa, der vi har hjulpet andre i «naud». Takk til kollegaene og leiar på intensiv.

Styret takka for ei interessant og informativ orientering. Styret takka for jobben dei gjorde ved AHUS og jobben dei gjer kvar dag ved intensivavdelinga i Førde.

Sak 024/2021 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Styreleiar Landstad leia møtet og orienterte om dagsorden, med ei kort orientering om køyrereglar for dagens digitale styremøte.

- Styremøte hadde fagleg orientering

- Fem dokument var utsendt til Skriv og meldingar

Følgjande dokument var ettersendt 21.05.2021:

- Styresak 031/2021 Inntektsutvalet – høyringsuttale, med 2 vedlegg
- Drøftingsprotokoll til økonomisk langtidsplan
- Drøftingsprotokoll til regional plan for habilitering og rehabilitering

Vedtak (samrøystes):

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

**Sak 025/2021 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF
26.03.2021**

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 26.03.2021.

**Sak 026/2021 Godkjenning av protokoll frå ekstraordinært
telefonstyremøte i Helse Førde HF 29.04.2021**

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende protokoll frå ekstraordinært telefonstyremøte i Helse Førde HF 29.04.2021.

Sak 027/2021 Administrerande direktør si orientering

Adm. direktør Varden innleia om ekstrapunkt 7: psykisk helsevern barn og unge

1. Oversikt over aktuelle høyringar

Styret stilte spørsmål til følgjande høyringar:

- Forslag til endring i legemiddelforskrifta og blåreseptforskrifta (2021/2058)
- Nasjonale faglege råd for førebygging og riktig bruk av tvang i psykisk helsevern for vaksne (2021/1827)
- Utgreiing om organisering av luftambulansetenesta (2021/1742)

Direktør Tvedt orienterte om det interne arbeidet med høyringsssvar på tvang i psykisk helsevern. Det er skissert 12 punkter i faglege råd.

Styret etterspør høyringsuttale vedr. tvang i psykisk helsevern for vaksne til neste styremøte.

Styret blir orientert om høyringsuttale luftambulansen til neste styremøte.

2. Saker til oppfølging etter styremøte

3. Korona – status i Helse Førde

Adm. direktør Varden orienterte om status korona Helse Førde per 25. mai:

- Innlagt: 0
- Karantene: 0
- Totalt innlagte til no: 30
- Dødsfall: 1

Vaksinasjonsdekning per 21. mai viser at totalt er 1933 vaksinerte i Helse Førde. 1492 er fullvaksinerte. Ca 300 skal få dose 2 i veke 21.

Smitte i sjukehusa får no vesentleg mindre følgjer:

- Smitta pasient Nordfjord sjukehus – primo mai
- Smitta pasient Lærdal sjukehus – medio mai

Planlegging framover for vidare steg mot normalisering:

Ein stor del av dei tilsette er fullvaksinerte. Ein stor del av pasientane er fullvaksinerte. Over tid lite smitte i opptaksområdet vårt.

Primo juni: PCR—hurtigtestar blir tilgjengelege også ved lokalsjukehus.

4. Lønsforhandlingar – status om prosessen

HR-direktør Skjelten orienterte om status for prosessen i lønsforhandlingar.

NHO og LO/YS kom i industrioppgjeret (frontfaget) fram til ei ramme for lønsoppgjeret på 2,7 prosent

Mekling mellom Spekter og UNIO er beramma til 2. og 3. juni. Første moglege streiketidspunkt er midnatt natt til 4. juni.

Det er gjort avtale om lokale forhandlingar med UNIO-forbunda i tida 7. -25. juni.

5. Utviklingsplanen - status

Utviklingsdirektør Kleiven orienterte om det pågåande arbeidet med revisjon av utviklingsplanen. Framdriftsplan vart skissert. Høyringsutkast skal vere klart i starten av august.

- Involvering av kommunane, med organisering av fellesområda i helsefellesskap
- Denne gongen blir planen digital
- Felles inngang til Visjon og verdiar i Helse Vest
- Klikkbare innsatsområde med meir informasjon
- Fellesinformasjon og statistikk

6. Båtambulanse

Direktør Guldhav orienterte om status båtambulanse.

Det er signert ein avtale med Gulen Skyss, med båt i Solund og i Florø, i tillegg ein reservebåt.

Ambulansesjef Sægrov orienterte om kontrakt med Gulen Skyss AS. Det er to identisk like fartøy og eit reservefartøy. Båtane skal ha matros med ambulansesarbeidar-utdanning.

Avdelingssjef Brennersted orienterte om eigenskapar til fartøya, både utvendig og innvendig.

Proessen vidare er at dei nye ambulansebåtane skal vere klar til 1. mai 2022.

7. Tiltak psykisk helsevern barn & unge

Direktør Tvedt orienterte om tiltak psykisk helsevern born og unge, med status 24. mai:

- Nordfjord BUP har tilsett to psykologar
- Førde BUP har ikkje fått tak i barnepsykiater
- Det vil såleis ta litt tid før vi ser effekt av tilsetjingane, tilvisingsstraumen er framleis høg
- PBU vurderer å leige inn personale til å gjennomføre gruppetilbod for pasientar og pårørande
- PBU vurderer og kursing av førstelinja for å styrke dei i sitt arbeid med psykisk helsevern
- Nytte kapasitet ved UPH til utgreiing

Styret kommenterte at dette er eit område som styret skal ha særleg fokus på framover.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek meldingar til orientering.

Sak 028/2021 Rapportering frå verksemda per april 2021

Oppsummering:

Administrerande direktør Varden innleia rapportering med si vurdering:

- Ventetid for ventande innan somatikk var 56 dagar ved utgangen av april
- Ventetid for barn og unge viser auke, og dette har vi fokus på
- Det er førebels registrert 131 nye fristbrot i april
- Totalt melde saker i synergi i perioden 01.01.-31.03 2021 var 620 (mot 781 førre år)
- Aktiviteten innan somatikk målt i DRG-poeng og utan H-resept var 89,7 prosent i april, målt mot budsjett
- Til no i år er aktiviteten 93,2 prosent
- Resultat i perioden er negativt med 9,1 millionar, som er 12 millionar bak budsjett
- Til no i år er resultatet 3,8 millionar, som er 7,4 millionar bak budsjett
- Pandemien er den største enkeltposten til avviket
- Sjukefråværet i mars var 5,8 prosent. Dette er 3,3 prosent lågare enn same månad i fjor

Fagdirektør Helleseth orienterte om: Kvalitet og pasienttryggleik

- Trygg pleie – fall, viser 76 prosent
- Trygg pleie – trykksår, viser 74 prosent
- Trygg pleie – underernæring, viser 64 prosent
- Trygg kirurgi, bruk av sjekklister viser gode resultat
- Synergi, melde uønska hendingar i perioden 01.01.-31.03.21 viser 620 melde saker (mot 781 saker førre år)
- Ventetid – helsehjelp starta i perioden viser 67 dagar i somatikk, 30 dagar i PHV, 46 dagar i PBU og 25 dagar i TSB
- Utvikling gjennomsnittleg ventetid ved periodeslutt, viser 56 dagar i somatikk, 22 dagar i PHV, 31 dagar i PBU og 29 dagar i TSB
- Utvikling gjennomsnittleg ventetid i somatikk er 67 dagar (viser auke)
- Fristbrot, viser 131 nye fristbrot i april. Dette er knytta til vikarinnleige som ikkje kunne kome hit
- Bruk av breispektra antibiotika viser ein reduksjon på 14 prosent frå 2012, og vi har eit forbettringspotensiale. Mål er 30 prosent reduksjon i 2021 samanlikna med 2012.

Økonomidirektør Helleseth orienterte om: Aktivitet, bemanning og økonomi

Aktivitet per april viser:

- 5 684 nyttilviste. Derav er 2 470 Ø-hjelp, 2 995 elektive og 134 andre
- Totalkø viser 52 495
- Avslutta viser 5 521

Somatikk: Tal behandla/undersøkte pasientar vart 4,1 prosent høgare enn plan. Aktivitet målt i DRG-poeng var 11,8 prosent lågare enn budsjett.

Psykisk helsevern: Aktivitet innan PHV for voksne i perioden var lågare enn plan for døgnpostane, men det har vore god aktivitet ved poliklinikkane, både innan PHV og TSB.

Pandemien har hatt stor påverknad på aktiviteten.

Digitale helsetenester (telefon og video) viser 10,8 prosent av ISF-konsultasjonar på video. Målet er at vi skal nå 15 prosent i år.

Resultatet i perioden er 12 millionar bak budsjett. Estimert effekt knytt til pandemien er 12,1 millionar. Personalkostnader har eit meirforbruk på 6,1 millionar.

Samla var sjukefråværet i mars 5,8 prosent. Brutto månadsverk i perioden var 2400 og netto månadsverk var 2262.

Adm. direktør Varden orienterte om prognose for 2020. Det er utfordrande å skilje klart mellom ordinær drift og effektane knytt til pandemien.

Styret takka for oversiktleig rapportering. Rapporteringa viser fleire gode utviklingstrekk, mens aktivitets- og økonomibildet er krevjande.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek administrerande direktør si rapportering frå verksemda per april 2021 til vitende.

Sak 029/2021 Risikostyring – rapportering 1. tertial

Oppsummering:

Helse Vest har peika ut fem hovudområde som skal ha fokus i risikostyringsarbeidet dei neste åra:

- Legemiddelområdet
- Vald og trugsmål mot medarbeidarar
- IKT og informasjonssikkerheit
- Ekstern turnover av medarbeidarar
- Uønskt variasjon – radiologi og ortopedi

Seks arbeidsgrupper i Helse Førde har gjennomgått fakta på dei ulike områda, og har kome godt i gang med å vurdere risikoar og tiltak.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek orientering om arbeidet med risikostyring i 1. tertial til vitende.

Sak 030/2021 Økonomisk langtidsplan 2022-2026

Oppsummering:

Styret i Helse Vest RHF har gjort vedtak om ny rullering av langtidsbudsjettet våren 2021, med sikte på å handsame økonomisk langtidsplan (ØLP) for føretaksgruppa før sommaren 2021. Helse Vest har sett i gang arbeidet med å revidere inntektsmodellen i det regionale føretaket. Då dette er eit pågåande arbeid som ikkje er ferdigstilt, er det ikkje innarbeidd i ØLP.

Helse Førde si viktigaste føring for økonomisk langtidsplan er å sikre bereevne for nødvendige investeringar i bygg og utstyr. Føresetnader for langtidsbudsjett 2022-2026 er:

- Økonomiske føresetnader
- Plangrunnlaget
- Utvikling i behov for tenester
- Nasjonale og regionale føringar
- Helse 2035
- Oppfølging av framtidige behov og føringar
- Personell og kompetanse, bygg, MTU, teknologi og anna viktig infrastruktur

Investeringsplanen 2022-2026 er særleg knytt til fem område:

- Nye Førde sjukehus – lokale for somatikk
- Bygg infrastruktur
- Arealplan Lærdal sjukehus
- Medisinsk teknisk utstyr
- Ambulanse

Adm. direktør Varden innleia om prosess og ramme for økonomisk langtidsplan, og prioriteringar mellom klinikkane.

Økonomidirektør Hellesteth orienterte om økonomisk langtidsplan

- Vesentlege endringar og føresetnader
- Investeringsplan 2022-2026
- Økonomisk langtidsplan 2022-2026

Framlegg til vedtak:

Styret syner til saksframlegget og vedtek økonomisk langtidsplan for Helse Førde HF for perioden 2022-2026 i samsvar med framlegg frå administrerande direktør.

Endringsframlegg frå styremedlem Sandal:

Styret sluttar seg til økonomisk langtidsplan for Helse Førde HF for perioden 2022-2026.

For at styret skulle ha eit framlegg til votering trekte adm. direktør sitt framlegg.

Votering:

Styremedlem Sandal sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak (samrøystes):

Styret sluttar seg til økonomisk langtidsplan for Helse Førde HF for perioden 2022-2026.

Sak 031/2021 Inntektsutvalet - høyringsuttale

Oppsummering:

Styret i Helse Vest bad 26 oktober 2020 i sak 118/20 om ein gjennomgang og revisjon av inntektsmodellen i Helse Vest. Utvalet som har arbeidd med dette, har vore leia av Per Karlsen (økonomi- og finansdirektør i Helse Vest), og arbeidet har vore fasilitert av Jon Magnussen (NTNU). Frå Helse Førde har Øystein Helleseeth (økonomidirektør) og Tom Guldhav (direktør kirurgisk klinikk) deltatt i utvalet. Styringsgruppa for arbeidet har vore administrerande direktørar i Helse Vest og kvart av føretaka. Revisjon av inntektsmodellen i Helse Vest omhandlar:

- Behovskomponenten
- Kostnadskomponenten
- Gjestepasientoppgjeret
- Prehospitale tenester
- Forhold som finansierast utanfor modellen

Styreleiar Landstad innleia om saka som vart ettersendt 21. mai.

Adm. direktør Varden orienterte om status for arbeidet. Inntektsutvalet ferdigstilte arbeidet sitt 19. mai.

Vedtak (samrøystes):

Styret støtter utvalet sitt forslag til ny inntektsfordelingsmodell i Helse Vest, men med følgjande tillegg:

1. Styret ber Helse Vest vurdere strukturtilskot dersom relativ utvikling i folketalet mellom føretaka i Helse Vest medfører reduksjon i inntektsramma til det enkelte føretak.
2. Styret oppmodar Helse Vest til å revidere beløp og modell knytt til dei prehospitale tenestene før rammene for budsjett 2023 vert lagt. Styret meiner i tillegg at beløpet som Helse Vest bør fordele i modellen, må vere i samsvar med dei faktiske kostnadene knytt til området i Helse Vest.

Sak 032/2021 Regional plan for habilitering og rehabilitering - uttale

Oppsummering:

Helse Førde HF har mottatte «Regional plan for habilitering og rehabilitering» til uttale. Planen gjev retning og prioritering på sju hovudområde:

- 1) Betre implementering av koordinator-ordninga i sjukehusa
- 2) Inkludere habilitering for barn og unge i «Barn og unges helseteneste»
- 3) Styrke legeressursar og nødvendig kompetanse innan habilitering for barn, unge og vaksne
- 4) Tidleg start av rehabilitering
- 5) Redusere variasjon innan seinfaserehabilitering
- 6) Vidareutvikle infrastruktur for samarbeid på tvers om forskning og kunnskapsutvikling
- 7) Utvikle styringsdata og betre datakvalitet

Helse Førde har delteke i arbeidet og gir støtte til måla som retningsgjevande for arbeidet framover. Planen samsvarer med arbeidet føretaket er i gang med; eit eige prosjekt for å planlegge «Framtidige tenester innan fysikalsk medisin, rehabilitering og habilitering,» under program Pasientens helseteneste. Prioritering og innfasing av tiltak på udekka område vil i Helse Førde skje ut frå tilrådingar frå dette prosjektet, og ei samla vurdering av behov, tilgang på kompetanse, byggutvikling og økonomiske ressursar.

Direktør Vingsnes orienterte om regional plan for habilitering og rehabilitering. Dette er ei oppdatering av planen for 2021 – 2024. Dei viktigaste tiltak er spissa og prioritert. Planen er i samsvar med det vi jobbar med i Helse Førde.

Styret hadde retting til framlegg til vedtak, punkt 1: Ordet «vedlegg» vert teke ut.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret støttar «Utkast til oppdatert regional plan for habilitering og rehabilitering. Prioriterte innsatsområde,» april 2021 i Helse Vest.
2. Styret vurderer at planen vil vere eit godt verktøy og retningsgjevande for regionen og Helse Førde sitt vidare arbeid innan dette viktige området. Innfasing av tiltak i føretaket må sjåast ut frå ei samla vurdering av status, behov og ressursar. Det vert også viktig å samarbeide med og samordne arbeidet med kommunane i helsefelleskapet.
3. Styret ber om å bli orientert om vedteken plan etter handsaming i Helse Vest sitt styre, saman med ei løypemelding frå Helse Førde sitt utviklingsprosjekt for habiliterings-/rehabiliteringsområdet.

Saker til orientering:

Sak 033/2021 Nye Førde sjukehus - løypemelding

Oppsummering:

Arbeidet med bygging av Livabygget starta opp 12. april 2021. I styresak 008/2021, punkt 4, har styret vedteke at det skal utarbeidast ein plan på å redusere med 70 millionar kroner om Helse Førde ikkje skulle ha bereevne til heile investeringa. Ein slik reduksjonsplan vil vere knytt til Svana 2 og Svana 3. Administrerande direktør vil legge fram ein slik reduksjonsplan for styret på møtet i desember 2022.

Adm. direktør Varden orienterte om Nye Førde sjukehus, med løypemelding og kvartalsrapport.

Styret stilte spørsmål om status i høve til kravet om evaluering som ligg til alle store byggeprosjekt.

Prosjektdirektør Solhaug orienterte om at det er starta ein prosess med evaluering og oppsummering av Dagabygget.

Styret ønskjer å vere tett på OU-prosessane i byggeriene og ber om jamnleg rapportering om OU-prosessane i samband med Nye Førde sjukehus.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek løypemeldinga til vitende.

Sak 034/2021 Eventuelt

Adm. direktør Varden orienterte om at det er planlagt dialogmøte med kommunane 11. juni. Det vert eit lagt opp til eit fysisk/digitalt møte. Sakliste vert utsendt til styret.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek «Skriv og meldingar» til vitende.

Skriv og meldingar

Følgjande skriv og meldingar var utsendt til styret :

- Brev til LPP Sogn og Fjordane, datert 17.04.2021
- Referat frå møte i felles brukarutval 25.03.2021
- RHF-styresak 021/21 Regional handlingsplan for sikkerheitspsykiatri 2021-2025
- RHF styresak 022/21 Regional plan for tverrfagleg spesialisert rusbehandling 2021
- Spesialisthelsetjenestens rapport for samfunnsansvar 2020

Følgjande skriv og meldingar var ettersendt til styret 21.05.2021:

- Styresak 031/2021 Inntektsutvalet – høyringsuttale
- Drøftingsprotokoll til økonomisk langtidsplan
- Drøftingsprotokoll til regional plan for habilitering og rehabilitering

Ref. Berit Irene Haarklau
25.05.2021

Agnes Landstad	Styreleiar
----------------	------------

Anne Sissel Faugstad	Nestleiar
----------------------	-----------

Aud Ingrid Espeland	Medlem
---------------------	--------

Reidar Sandal	Medlem
---------------	--------

Ole Gunnar Krakhellen	Medlem
-----------------------	--------

Thomas Vingen Vedeld	Medlem
----------------------	--------

Ivar Eriksen	Medlem
--------------	--------

Lena Thorsnes	Medlem
---------------	--------

Randi Aven	Medlem
------------	--------

Ole-Magnus Kapstad	Medlem
--------------------	--------

Kari Sunde Kvile	Medlem
------------------	--------